

Hennøy vindkraftverk



Informasjonsbrosjyre

2011

INNLEIING

Vestavind Kraft AS har søkt om konsesjon for å byggje og drive eit vindkraftverk på Marafjellet i Bremanger kommune. Det er utarbeidd ein utfyllande konsesjonssøknad med tilhøyrande konsekvensutgreiing for prosjektet, og denne brosjyra gjev ein kortfatta presentasjon av utbyggingsplanane, moglege konsekvensar og den vidare prosessen.

Sandane, 1. juli 2011

Vestavind Kraft AS

✓/ Stig Svalheim, adm. dir.

PRESENTASJON AV TILTAKSHAVAR

Vestavind Kraft vart skipa i november 2005, og selskapet sitt forretningsområde er å utvikle, byggje, eige og drive vindkraftanlegg. Selskapet skal i tillegg drive konsulentverksemd og tenesteleveransar knytt til område innan vindkraft og vindteknologi.

Vestavind Kraft ønskjer å:

- Gje samfunnet effektiv produksjon av meir rein og fornybar elektrisk energi.
- Skape verdiar for selskapet Vestavind Kraft og eigarselskapa, samt lokal verdiskaping.
- Gje lokalsamfunna ein rimeleg kompensasjon for areal som vert nytta og for moglege ulemper som vindkraftverket skaper.
- Byggje vindkraftverk som samla sett er klart meir til nytte enn til ulempe, både for miljøet og for samfunnet – lokal og nasjonalt.
- Utvikle, byggje, drive og avvikle prosjekta i samsvar med lover og reglar, og med mest mogleg openheit og god informasjon.
- Medverke til løysing av klimaproblema i verda.

Bak Vestavind Kraft står energiselskapa i Vestlandsalliansen, representert ved Tafjord Kraftproduksjon AS, SFE Produksjon AS, Sunnfjord Energi AS, Sognekraft AS, BKK Produksjon AS, SKL Produksjon AS og Haugaland Kraft AS.




Figur 1. Oversikt over utbyggingsplanane.

BAKGRUNN FOR SØKNADEN

Det overordna målet i Sogn og Fjordane Fylkeskommune sin Fylkesdelplan for vindkraft er å ”legge til rette for å sikre utbygging og drift av vindkraft i Sogn og Fjordane”. I planen er det vist til eit mål om 1000 MW/3 TWh vindkraft innan år 2025.

Vestavind Kraft AS ønskjer å bidra til at dette målet vert realisert. Vestavind Kraft er per i dag involvert i seks ulike vindkraftprosjekt i Sogn og Fjordane, med ein forventa produksjon på rundt 920 GWh. Dette tilsvarer straumforbruket til om lag 46 000 husstandar.



Figur 2. Oversikt over Vestavind Kraft AS sine prosjekt i Sogn og Fjordane. (Folkestad er ikkje avmerka)

Konsekvensutgreiinga som no ligg føre viser òg at utbygginga av Hennøya vindkraftverk vil ha relativt små konsekvensar på dei fleste områda, noko som mellom anna skuldast ”samløkaliseringa” med Bremanger Quarry sitt steinbrot på Sætrefjellet (der terrenginngrep, sprenging og trafikk med tunge maskiner allereie har redusert området sine kvalitetar med tanke på

landskapsopplevelse, friluftsliv, naturmiljø, etc.). Dette styrkar Vestavind Kraft i trua på at Hennøya vindkraftverk er eit godt prosjekt og eit viktig bidrag i arbeidet med å oppfylle måla som er skissert i fylkesdelplanen.

OM UTBYGGINGSPLANANE

To utbyggingsalternativ har vore vurdert, og Vestavind Kraft har valt å søkje om konsesjon for alternativ 1, med alternativ 2 som eit sekundært alternativ.

Tabell 1. Rangering av utbyggingsalternativa.

Alternativ	Hennøya vindkraftverk, installert effekt (maks)	Nettløysing	Tiltakshavar si prioritering
1	35 MW	Tilknytning til planlagt ny 132 kV ytre ring i Nordfjord	Primært alt.
2	20-25 MW	Eksisterande 22 kV	Sekundært

Planområdet for vindparken dekkjer eit areal på ca. 1,7 km², og det er aktuelt å sette opp 7 - 12 vindturbinar med ein total installert effekt på inntil 35 MW. I konsesjonssøknaden er det teke utgangspunkt i 11vindturbiner med en årsmiddelproduksjonen som tilsvarar normalforbruket hos ca. 5000 husstandar.

Det vil bli lagt jordkablar (22 kV) frå kvar enkelt turbin og fram til ny transformatorstasjon (132/22 kV) ved Spekbenkvatnet. Når det gjeld tilkoplinga til eksisterande nett, så har fleire alternativ vore vurdert; alternativ 1 inneber tilknytning til planlagd ny 132 kV linje (ytte ring) som passerer vindparken, medan alternativ 2 inneber tilkopling til eksisterande 22 kV distribusjonsnett Hennøya - Dyrstad - Svelgen. Sistnemnde alternativ vil innebære at installert effekt i vindparken må reduserast til 20-25 MW. Vestavind Kraft har difor valt å søkje om konsesjon for alternativ 1, dvs. eit vindkraftverk på inntil 35 MW med tilknytning til SFE Nett sin planlagde nye 132 kV linje frå Svelgen via Marafjellet til Bremangerlandet og vidare til Deknepollen. Dette alternativet er avhengig av at SFE Nett får løyve til å bygge ny 132 kV ytte ring i Nordfjord. Begge alternativ er avhengig av ny 420 kV linje mellom Ørskog og Fardal.

I tillegg vil det bli etablert ei ny kai ved Merkingsneset vest for Nesbø, med tilhøyrande lagringsplass for turbinar og anna utstyr som vert frakta inn sjøvegen. Atkomstvegen frå Merkingsneset til Marafjellet vil i stor grad følgje eksisterande skogsveg langs ei strekning på ca 3,5 km. På dei siste 2,2 km opp til Marafjellet må det byggjast ein ny veg.

Figuren under viser framdriftsplanen for prosjektet.

	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Høring konsesjonssøknad		→				
Behandling konsesjonssøknad		→	→			
Detaljplanlegging			→	→		
Kontrahering				→	→	
Bygging					→	→

Figur 2. Framdriftsplan.



Figur 4. Marafjellet med Hornelen i bakgrunnen. Tynt jordsmonn og mykje bart fjell pregar heile dette fjellområdet.

MOGLEGE KONSEKVENSAAR AV EI UTBYGGING

Landskap

Kystlandskapet, som ligg i midlere til lang avstand frå vindparken, har mange avskjerma område og område som er vendt vekk frå vindparken. Vindparken vil i difor liten grad kunne sjåast frå kystlandskapet, og konsekvensen for denne landskapstypen er vurdert som liten til ubetydeleg.

Det indre kyst- og fjordlandskapet ligg i midlere avstand frå vindparken og har enkelte avskjerma område. Vindparken vil vere eksponert mot Frøysjøen og spesielt busetnaden mellom Skarstein og Lisete på nordsida av fjorden, samt Sørøgulen og fjordområdet sørvest for Marafjellet. Vindturbinane vil opplevast som tydelege i landskapet, men oppta ein liten del av synsfeltet. Vindparken vil vere visuelt underordna i det storskala fjordlandskapet, og konsekvensen for denne landskapstypen er vurdert som liten negativ.



Figur 5. Hennøy vindkraftverk sett frå Mulehamn.

For *fjellandskap* med stor verdi, slik som Hornelen, Trollfjellet, Gulebrystet, Mælen og Rognen, vil heile vindparken vere synleg, men desse områda ligg i midlere til lang avstand og synlegheita vil avta med aukande avstand.

Vindparken vil oppta ein liten del av synsfeltet, og den vil være visuelt underordna fjellandskapet. Konsekvensen for denne landskapstypen vil vere liten. For fjellandskap rundt Marafjellet vil vindparken være visuelt dominerande, men Bremanger Quarry sitt steinbrot på Sætrefjellet har allereie øydelagt mykje av landskapskvalitetane i dette området.

Samla sett er vindparken og nettilknytninga vurdert å ha *liten til middels negativ konsekvens* (-/--) for landskapet.



Figur 6. Hennøy vindkraftverk sett frå Skarstein.

Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje gjort funn av automatisk freda eller nyare tids kulturminne innanfor planområdet på Marafjellet, og potensialet for funn er vurdert som relativt lite. Det er difor truleg at utbygginga vil ha små direkte konsekvensar for kulturminne/kulturmiljø. Langs fjorden ligg det imidlertid ei rekkje kulturminne av nasjonal og til dels internasjonal verdi, og utbygginga vil i varierende grad kunne påverke desse reint visuelt.

Utbygginga er vurdert å ha *liten negativ konsekvens* (-) for kulturminne og kulturmiljø i anleggsfasen og *middels negativ konsekvens* (--) i driftsfasen.



Figur 7. Hennøy vindkraftverk sett frå Nesbø.

Naturmiljø (flora og fauna)

Marafjellet og atkomstveg er prega av næringsfattig berggrunn (sandstein) med mykje bart fjell og lite lausmassar, og dette set sitt tydelige preg på vegetasjon og dyreliv i området. Området framstår som artsfattig og med få innslag av interessante (trua/sjeldne) artar av plantar og dyr.

Effekten av det planlagde prosjektet på pattedyr er truleg størst i anleggsfasen. Bruk av tunge maskiner og auka ferdsel vil kunne ha ein viss negativ effekt på hjortevilt spesielt. Det er imidlertid lite som tyder på at vindkraftverket vil ha vesentlege negative konsekvensar for hjort i driftsfasen.

Det er òg lite som tilseier at anleggsarbeidet vil ha vesentlege negative konsekvensar for fugl i anleggsfasen. Dette skuldast at dei artane som hekkar innanfor planområdet (steinskvett, heipiplerke, ringtrost, lauvsongar m.fl.) er vanlege og relativt robuste i forhold til denne typen aktivitet (mange av dei aktuelle artane hekkar i dag nær steinbrotet på Sætrefjellet), samt at avstanden til kjende havørn- og hubrolokalitetar er såpass stor. I driftsfasen vil vindturbinane og kraftlinja medføre ein viss kollisjonsfare for fugl,

inkludert havørna som hekker i nærområdet. Det er lite som tyder på at det er noko konsentrert trekk av fugl forbi Marafjellet om våren og hausten, og difor lite som tilseier at prosjektet vil ha vesentlege negative konsekvensar for trekkfugl.

Utbygginga er vurdert å ha *liten til middels negativ konsekvens (-/-)* for flora og fauna, både i anleggs- og driftsfasen.

Verneinteresser og inngrepsfrie naturområde (INON)

Den planlagde utbygginga vil ikkje påverke område som er verna i medhald av naturvernlova eller Verneplan I-IV for vassdrag. Den kartlegginga som er gjort i samband med konsekvensutgreiinga viser at verneverdiane i området er små, og i hovudsak knytta til førekkomsten av gammalskog i dalføret ovanfor Nesbø.

Utbygginga er vurdert å ha *ingen konsekvens (0)* for eksisterande verneområde og *liten negativ konsekvens (-)* for øvrige verneinteresser.

Sjølv planområdet for vindparken er lite prega av menneskeleg aktivitet reint fysisk. Det er imidlertid under 1 km i luftlinje frå Marafjellet til Bremanger Quarry sitt steinbrot på toppen av Sætrefjellet. Aktiviteten i steinbrotet (sprenging og massetransport med tunge køyrety) pregar heile dette fjellområdet i betydeleg grad gjennom støy, støvflukt og visuell påverknad. Sjølv om utbygginga vil medføre eit tap av inngrepsfrie naturområde (INON) på 8,75 km², må det påpeikast at store delar av dette arealet, dvs. den delen som ligg vest for Storenyken, allereie er betydeleg påverka av Bremanger Quarry sin aktivitet. Marafjellet framstår difor i liten grad som eit inngrepsfritt naturområde, trass i at det er klassifisert som det av Direktoratet for Naturforvaltning (DN). Dette viser at DN sine data i første rekkje er eigna til å vise situasjonen på eit meir overordna nivå og trendar over tid, men er mindre eigna til å vise den faktiske situasjonen i eit avgrensa område som dette.

Utbygginga, men då i første rekkje den planlagde 132 kV linja, er vurdert å ha middels negativ konsekvens (--) for inngrepsfrie naturområde.



Figur 8. Verneinteresse og inngrepsfrie naturområde (INON)

Støy

Støyberekningane viser at ein fritidsbustad (Leirvikselet søraust for Nesbøstøylen), vil bli eksponert for støynivå som overskrider Klima og forurensingsdirektoratets (Klif) sine tilrådde grenseverdier i driftsfasen (45 dB for bustader/hytter i vindskugge og 50 dB utanfor vindskugge). Lydnivået her er berekna til $L_{den} = 48$ dB. Ved Oспенessætra viser berekningane ca. 42-43 dB, noko som er under gjeldande grenseverdier.

Når det gjeld anleggsfasen med bygging av atkomstveg og montering av kraftlinje (vha helikopter), må det påreknast noko støy i eit kortare periode. Denne støyen vil i liten grad påverke bustadområda langs fjorden. Det er ikkje gjort egne støyberekningar for dette arbeidet. I samband med etablering av ny kai ved Merkingneset må ein forvente at nærliggande bustader kan bli noko påverka av bygge- og anleggsstøy.


Skuggekast og refleksblink

Skuggekast oppstår når rotoren på vindturbinen står mellom observatøren og sola. Rotoren vil i slike tilfelle sveipe framfor sola, noko som fører til at ein bevegeleg skugge vert projisert mot observatøren. Skuggeomfanget vil avhenge av mange faktorar, bl.a. retning og posisjon på vindturbinen i forhold til observatøren, avstand, storleiken på rotoren, etc.

Det er gjort berekningar av forventet omfang av skuggekast for Hennøy vindkraftverk. Berekningane viser at ingen bustader eller hytter vil bli eksponert for skuggekast over den grenseverdien ein opererer med i Danmark (vi har ingen tilsvarende grenseverdi i Noreg), dvs. 10 skuggetimar per år. Leirvikselet, som ligg søraust for Nesbøstøylen, ligg like innanfor grensa for 0 timar/år. Dette tilseier ei skuggekastbelastning på ca. 1 time/år.

Skuggekast vil sjølvsagt vere merkbar for dei som ferdast inne i vindparken (friluftsutøvarar), men dette er ikkje vurdert som eit like stort problem som at område med fast busetnad eller fritidsbusetnad vert påverka.

Rotorblada må ha ei glatt overflate for å produsere optimalt og for å avvise smuss, og dei blanke rotorblada kan medføre refleksblink når sola skin. Normalt vil ein oppleve ei halvering av refleksverknaden i løpet av første driftsår som følgje av at overflata på rotorblada vert matta.



Figur 9. Støykart for Hennøy vindkraftverk.

Ising og iskast

Kjeller Vindteknikk har estimert forventet omfang av ising (>10 g is pr time) i ulike delar av landet. Desse berekningane viser at vindturbinane på Marafjellet vil kunne bli utsett for ising i 101-300 timer/år. Omfanget av ising er med andre ord forholdsvis moderat og avgrensa til periodar med lite ferdse i området (januar og februar). Det er difor lite som tilseier at ising/iskast vil utgjere noko stor problem. Tiltakshavar legg likevel opp til å informere lokalsamfunnet om dette, slik at ein unngår ferdse i området når faren for ising er størst.

Forureining, avfall og klimagassar

Faren for forureining av jord og vassdrag i samband med bygging og drift av vindkraftverk er generelt liten, og i hovudsak knytta til eventuelle uhellsutslepp av drivstoff, olje eller andre kjemikaliar.

I anleggsfasen vil det bli generert ein del avfall. For Hennøy vindkraftverk reknar ein med ca. 7,8 tonn trevirke, papp og papir, 1,75 tonn metall, 5,1 tonn plast, 2,8 tonn brennbart restavfall og i underkant av 4,2 tonn farleg avfall (spillolje og transformatorolje). Ein avfallsplan vil kunne sikre at avfallshandteringa skjer i tråd med gjeldande lovverk, og hindre eventuelle negative konsekvensar for miljøet rundt.

Bygging, drift, vedlikehald og destruering av ulike typar kraftanlegg vil alltid medføre utslepp av klimagassar (CO₂). Dei siste åra er det gjennomført ei rekkje livsløpsanalysar (LCA - Life Cycle Analyses) av ulike former for kraftproduksjon. Resultata frå desse studiane indikerer ei gjennomsnittleg energitilbakebetalingstid for vindkraft på 3,2 månader. Dette inneber at eit vindkraftverk vil ha levert same mengde elektrisitet til nettet som energimengda som går med til produksjon, drift og demontering av vindkraftverket etter dryge tre månader. Klimagassutsleppa per kWh er funnet å ligge mellom 5 og 20 g CO₂-ekvivalentar/kWh. Tilsvarende tal for kolkraft og gasskraft er på høvesvis 1000 og 400 g CO₂-ekv./kWh.

For å vurdere i kva for grad Hennøy vindkraftverk vil bidra til å redusere klimagassutsleppa, må ein nytte marginalbetraktningar i kraftsystemet. NVE slår fast at i den nordiske kraftmarknaden er det gass, kol og olje som ligg på marginalen, det vil seie at det er desse krafttypene som vil redusere produksjonen sin dersom etterspørselen vert redusert. Ein tilførsel av ny

fornybar energi i den nordiske kraftmarknaden vil, på same måte som ein reduksjon i kraftforbruket, redusere mengda fossil kraft produsert i Norden. NVE anslår klimaintensiteten til gjennomsnittet av kraft som blir substituert i Norden ved redusert forbruk til om lag 600 g CO₂-ekv./kWh i eit livssyklus-perspektiv. Dersom ein trekkjer frå maksimalestimatet på klimagassutslepp frå vindkraft, dvs. 20 g CO₂-ekv./kWh, blir den globale klimagevinsten ved å byggje Hennøy vindkraftverk på 580 g CO₂-ekv./kWh. Ved ein årleg produksjon på 95,1 GWh, vil reduksjonen i klimagassutsleppa bli ca. 55 200 tonn pr år. Dette tilsvarer ca. 1,1 millionar tonn over 20 års levetid.

Med tanke på forureining, avfall og klimagassutslepp er Hennøy vindkraftverk vurdert å ha *liten negativ konsekvens (-)* i anleggsfasen og *liten positiv konsekvens (+)* i driftsfasen.

Jord- og skogbruk

Arealbeslaga i samband med ei eventuell utbygging vil i svært liten grad påverke viktige jord-, skog- eller beiteområde, og utbygginga vil difor ikkje medføre negative konsekvensar for landbruket sitt ressursgrunnlag. Ei forlenging av dagens skogsveg vil kunne gjere det lettare å ta ut skog i området rundt Nesbøstøylen. Dette tel i positiv retning.

Utbygginga vil kunne medføre betydelege inntekter til grunneigarane gjennom erstatningar/kompensasjon i anleggsfasen og årlege leigeinntekter i driftsfasen. Dersom grunneigarane driv aktivt innanfor landbruket vil utbygginga kunne bidra å styrkje inntektsgrunnlaget på gardane og sikre busetnad og framtidig drift.

Utbygginga er difor vurdert å ha *ubetydeleg/ingen konsekvens (0)* for landbruket i anleggsfasen, og *liten positiv konsekvens (-)* i driftsfasen.

Næringsliv, sysselsetting, tenestetilbod og kommunal økonomi

Ei eventuell utbygging vil ha ein positiv effekt på næringsliv og sysselsetting i anleggsfasen pga. auka etterspørsel etter varer og tenester. Erfaringar frå andre vindkraftprosjekt tilseier at Hennøy vindkraftverk vil skape ca. 19 årsverk lokalt og regionalt i anleggsfasen, og 2 årsverk knytta til drift og vedlikehald av anlegget.

Det viktigaste bidraget til kommuneøkonomien blir gjennom eigedomsskatt.

Eigedomsskatten blir i 2. investeringsår ca. 1,3 mill. kr, deretter ca. 2,6 mill. kr per år dei første 10 driftsåra og deretter ca. 1,6 mill. kr per år i dei påfølgjande 10 åra, rekna i 2010 nominell kroneverdi utan diskontering. Skattebeløpet for dei 10 første driftsåra utgjer eit tillegg på ca. 10 % av dagens eigedomsskatt, ca. 2 % av totale skatteinntekter og ca. 1,5 % av netto drifts- og inntektsbudsjett.

Utbygginga er vurdert å ha *liten positiv konsekvens (+)* for næringsliv, sysselsetting og kommuneøkonomi.

Friluftsliv, jakt og fiske

Sjølve Marafjellet er relativt lite brukt til friluftsliv utover noko jakt og fiske, og mykje av dei opphavlege kvalitetane i området er sterkt redusert som følgje av etableringa av steinbrotet på Sætrefjellet. Området innover langs den planlagte 132 kV traseen er meir brukt, og er klassifisert som eit lokalt viktig friluftsområde. Ei utbygging av Hennøy vindkraftverk vil kunne føre til redusert jaktubytte rundt Marafjellet i anleggsfasen, men vil i liten grad påverke moglegheitene for jakt og fiske i driftsfasen. Utbygginga vil òg påverke både nærliggande og meir fjerntliggande friluftsområde reint visuelt, noko som for enkelte kan redusere landskapsopplevinga og utbyttet av å drive friluftsliv.

Konsekvensane for friluftsliv, jakt og fiske er vurdert som *middels negativ (--)* for hovudalternativet (1), og *liten til middels negativ (-/-)* for alternativet med tilkopling til eksisterande 22 kV linje.

Reiseliv

Bremanger kommune er ingen stor reiselivskommune målt i antal arbeidsplassar. I følgje SSB sysselset hotell- og restaurantnæringa til saman 47 av totalt 1872 sysselsette personar, noko som tilsvarar 2,5 %. I tillegg til dette genererer nok reiselivet nokre årsverk innan bl.a. varehandel, transport, anna utleigeverksemd, etc., men det er vanskeleg å anslå kor mange årsverk dette utgjer.

Mangelen på oppfølgjande undersøkingar av eksisterande norske vindkraftverk gjer at det kan vere noko usikkerheit knytta til den faktiske effekten på reiselivsnæringa ved ei utbygging. Spørjeundersøkinga blant

turistane på Atlanterhavsvegen sommaren 2005 gjev imidlertid klare indikasjonar på at dei kortsiktige effektane av enkeltståande vindkraftverk på reiselivet i eit område vil bli relativt små, men at konsekvensane for reiselivsnæringa både nasjonalt, regionalt og lokalt på sikt kan bli større dersom eit fleirtal av dei planlagde vindkraftprosjekta langs kysten vert realiserte. At dei kortsiktige effektane av vindkraftutbygging på reiselivet er små, og i enkelte tilfelle positive, vert bekrefta av representantar for reiselivsnæringa og/eller kommunane både på Smøla (150 MW), Hitra (55 MW) og Måsøy (40 MW).

Dei langsiktige konsekvensane for reiselivet i Bremanger vil sannsynlegvis avhenge av bl.a.:

- ✓ Kor mange vindkraftkonsesjonar styresmaktene tildeler kystfylka i åra som kjem, eller sagt på ein annan måte: Kor store dei kumulative effektane på kystlandskapet blir.
- ✓ I kva for grad reiselivsbedriftene i området klarar å tilpasse seg dei endringane som ei eventuell utbygging medfører. Ut frå erfaringar frå vindparker i utlandet, er det ingen tvil om at ei utbygging ikkje berre inneber problem for reiselivet, men òg moglegheiter.
- ✓ Korleis folk si haldning til vindkraft endrar seg over tid. I ei tid der følgjene av global oppvarming blir stadig meir synlige, er det trulig at synet på fornybare energikjelder som vind- og vasskraft vil bli enno meir positivt enn det er i dag. Ei rekkje undersøkingar har vist at positive haldningar til vindkraft som energikjelde gjev større aksept for konsekvensane som utbygginga medfører. Dette kan igjen bidra til å redusere verknaden på reiselivet.

Konsekvensane for reiselivet i området er vurdert som *ubetydelege (0)* på kort sikt. På grunn av mange usikre faktorar har vi ikkje funne det fagleg forsvarleg å vurdere dei langsiktige verknadane.

OPPSUMMERING AV KONSEKVENSA

Tabellen på neste side gjev ei samla framstilling av forventa konsekvensnivå, i høvesvis anleggs- og driftsfasen, ved ei utbygging av Hennøy vindkraftverk med tilknytning til overføringsanlegg (ny 132 kV kraftlinje) og annan infrastruktur. Alternativet med oppgradering av eksisterande 22 kV linje er

vurdert å ha noko mindre konsekvensar for bl.a. friluftsliv, INON og landskap. For øvrige fagområde/tema er konsekvensane av sistnemnde alternativ i stor grad dei same som for hovudalternativet.

Tabell 2. Oppsummering av konsekvensgrad i anleggs- og driftsfasen for hovudalternativet.

Utredningstema	Anleggsfasen	Driftsfasen
Landskap	Liten negativ konsekvens (-)	Liten negativ konsekvens (-)
Kulturminne og kulturmiljø	Liten negativ konsekvens (-)	Middels negativ konsekvens (--)
Flora og fauna	Liten til middels negativ konsekvens (-/-)	Liten til middels negativ konsekvens (-/-)
Verneinteresser og INON	Middels negativ konsekvens (--)	Middels negativ konsekvens (--)
Friluftsliv og ferdsel	Middels negativ konsekvens (--)	Middels negativ konsekvens (--)
Støy	Liten negativ konsekvens (-)	Liten negativ konsekvens (-)
Forureining, avfall og klimagassutslipp	Liten negativ konsekvens (-)	Liten positiv konsekvens (+)
Skuggekast og refleksblink	Ubetydelig / ingen konsekvens (0)	Liten negativ konsekvens (-)
Reiseliv	Ubetydelig / ingen konsekvens (0)	Usikker (?)
Landbruk	Ubetydelig / ingen konsekvens (0)	Liten positiv konsekvens (+)
Næringsliv og sysselsetting	Liten positiv konsekvens (+)	Ubetydelig / ingen konsekvens (0)
Kommunal økonomi	Liten positiv konsekvens (+)	Liten positiv konsekvens (+)

VIDARE SAKSGONG

Søknaden med tilhøyrande konsekvensutgreiing er oversendt til Norges vassdrags og energidirektorat (NVE). Konsesjonssøknaden vil bli handsama etter særskilte reglar. Konsesjonssøknaden med tilhøyrande konsekvensutgreiing vil bli sendt på høyring til lokale, regionale og nasjonale styresmakter og ulike organisasjonar, og den vil bli lagt ut til offentleg ettersyn i kommunen. Det vil òg bli arrangert eit ope møte i Svelgen der

planane og forventa konsekvensar vert presentert. Etter høyringsrunden vil NVE fatte eit vedtak i saka. Vedtaket kan påklagast, og Olje og Energidepartementet (OED) vil då fatte eit endeleg vedtak.

I konsesjonen kan styresmaktene setje vilkår for drifta av kraftverket og det kan gjevast pålegg om tiltak for å unngå eller redusere skadar og ulemper.

EIGNE NOTATER

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

MEIR INFORMASJON

Høyringsfråsegner og spørsmål om sakshandsaminga kan rettast til:

Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE)
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

Kontaktperson:

Sissel Belgen Jakobsen

Tlf: 22 95 90 98

E-post: sbja@nve.no

Spørsmål om utbyggingsplanane kan rettast til:

Vestavind Kraft AS
6823 Sandane

Kontaktperson:

Arnar Kvernevik

Tlf: 57 88 37 03 (a), 970 50 381 (mob)

E-post: arnar.kvernevik@vestavindkraft.no

Konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing er utarbeidd av:

Multiconsult AS
Serviceboks 9
6025 Ålesund